



Magne Huglen viser fram festivalområdet.

**Det er to veker til konsertstart på Festidalen. Festivalområde og festivalcampen vart klargjort i dag. Haugland maskin er ansvarleg for slåttan og graset skal ballast på søndag. I innspurten vert grasmatta slegen med plentraktor.**

Grunneigar, Magne Huglen, syner oss rundt på Dønhaug. Alt er klart for førebuing, klargjering og rigging til Festidalen 2016. Ei stor mengde paller er komen til Dønhaug. Dei skal vera golv i Frivilligteltet og Barteltet. All rigging vert som i fjor. Det vert vurdert å bruka både hovudhuset og kårhuset til backstage.

Det er stor aktivitet på Dønhaug for tida. Hovudhuset har stort sett vore utleigd i sommar. I dag, fredag, er ei større familie- og venegruppe på plass frå Hardanger. Nokre brudlaup har alt vore på Dønhauglåven. Det er med andre ord stor aktivitet og god tinging på husrom på Dønhaug Gjestegard.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal